

Forslag til ny:

Forskrift om politivedtekt, Sør-Fron kommune, Innlandet

Heimel: fastsatt av Sør-Fron kommunestyre dato med heimel i lov 4. august 1995 nr. 53 om politiet (politiloven) § 14.

Kapittel 1. Allmenne føresegner

§ 1-1. Offentleg stad

Med offentlig stad er det meint gate, veg, fortau, sti, medrekna gang- og sykkelveg, park, torg eller liknande, plass, bru, strand, anlegg eller annan stad der det er allmenn ferdsel eller som er bestemt for allmenn ferdsle.

§ 1-2. Ansvar og plikter for festar, brukar, leigar eller styrar av hus eller grunn

Dei plikter som er lagt på eigar av hus eller grunn, kviler også på den som festar, brukar, leigar eller styrer eigendomen.

Kapittel 2. Orden på offentlig stad

§ 2-1. Ro og orden på offentlig stad

På eller like attmed offentlig stad må ingen vere med i oppstyr, samanstimling, larm eller bråk som skilpar den allmenne orden eller ferdsle

Den som ferdast på eller like attmed offentlig stad pliktar å halde nattero mellom kl. 23.00 og kl. 06.00.

Dersom mange menneske samlar seg ved inngangen til forsamlingslokale, sports plass, utsalsstad, haldeplass eller liknande, skal dei stå i kø og elles rette seg etter dei pålegg som politiet eller arrangøren gjev for å halde ved lag den allmenne orden eller regulere ferdsle.

§ 2-2. Køyning, camping mv. i parkar, grøntareal, friområde og liknande

I offentlege parkar, grøntareal, friområde, på, ved eller under vegar eller plassar i tettbygd strøk er telting, camping eller liknande forbode, med mindre anna kjem fram av skiltinga på staden.

I offentlege parkar, grøntareal og friområde er det forbode å køyre og parkere motorkøretøy, med mindre noko anna går fram av skiltinga på staden.

§ 2-3. Framsyning og andre publikumsretta aktivitetar

Den som på eller ut mot offentlig stad vil opptre eller utføre andre publikumsretta aktivitetar, må på førehand gje melding til politiet, uavhengig av om aktivitetane skjer ved bruk av høgtalar og liknande.

Det same gjeld den som på eller i nærleiken av offentleg stad ynskjer å bruke gåande, køyrande eller flygande reklame.

§ 2-4. Farleg eller skremmande verksemd

På, ut over eller like attmed offentleg stad er det forbode:

1. å skyte med gevær eller anna skytevåpen, under dette paintball, softgun, boge, sprettert og liknande.
2. å brenne av krut, fyrverkeri eller eksplosive stoff utan at politiet har gjeve løyve. Det er ikkje eit slikt krav om løyve for godkjent fyrverkeri som skal nyttast i tidsrommet 31. desember kl. 18.00 til 1. januar kl. 02.00.
3. å kaste eller sleppe stein, snøball eller anna som kan vere til skade eller ulempe for dei som ferdast der.

Kapittel 3. Sikring av ferdselen

§ 3-1. Hindringar

På eller ut over offentleg stad er det forbode å plassere eller montere noko som kan vere til hinder eller ulempe for ferdselen eller som hindrar fri sikt til trafikkskilt og liknande.

Markiser eller anna som heng utover fortau, skal på det lågaste vere minst 2,5 meter over bakken.

§ 3-2. Dyr

Det er forbode å la husdyr som til dømes hest, storfe, sau eller geit, gå laus på eller ved offentleg stad utan forsvarleg tilsyn.

§ 3-3. Aktivitetar

Politiet kan forby kvar einaste form for sport, leik eller spel på bestemt offentleg stad når dette er påkravd av omsyn til ferdselen eller den alminnelege orden.

§ 3-4. Ferdsel på islagt vatn eller vassdrag

Politiet kan av tryggleiksgrunnar forby eller gje regulerande føresegner for ferdselen på islagt vatn eller vassdrag.

§ 3-5. Sperring av offentleg stad

Krev byggjearbeid eller liknande at fortau, gate, veg eller anna offentleg stad blir heilt eller delvis sperra for eit avgrensa tidsrom, lyt ein på førehand søkje løyve frå politiet, som kan setja nærare vilkår.

§ 3-6. Byggjeverksemd mv.

Reising, riving eller reparasjon av bygning, graving eller anna arbeid på eller ut mot offentleg stad der det kan bli til fare for ferdselen, skal på førehand meldast til politiet. Politiet kan fastsette korleis arbeidsstaden skal sperrast og krevje andre tryggleikstiltak til vern for publikum.

§ 3-7. Sprengingsarbeid

Sprenging på eller like attmed offentlig stad skal på førehand meldast til politiet, som kan påby særlege tryggleikstiltak.

§ 3-8. Vedlikehald av bygning mv.

Ved vedlikehald av bygningar og anna på eller ut mot offentlig stad, pliktar den ansvarlege for arbeidet å setje opp avvisarar som gjer det tydeleg at det er farleg eller til ulempe å ferdast der.

§ 3-9. Fare for ras frå tak

Når det er fare for at snø eller is kan falle ned frå hustak mot offentlig stad, skal eigaren straks setje opp avvisarar som gjer det tydeleg at ferdsla er forbunde med fare eller ulempe, og snarast syte for at taket blir rydda.

§ 3-10. Fjerning av sperrar

Avsperringar, avvisarar og liknande innretningar blir fjerna når det arbeid som er nemnt i § 3-6, § 3-7 og § 3-8 er utført, eller faren eller ulempe som er nemnt i § 3-9 ikkje lenger er til stades.

Kapittel 4. Reinhold på offentlig stad

§ 4-1. Reingjering av lys- og luftegraver

Eigar av hus eller grunn mot offentlig stad pliktar å sørgje for reingjering av lys- og luftegraver som er i beinveges nærleik til eigedomen.

Reinhaldet skal gjerast slik at det blir minst mogleg ulempe.

Kloakksluk må ved reinhold ikkje tilførast oppsop eller liknande.

§ 4-2. Rydding av snø etter ras frå tak

Eigar av hus eller grunn mot offentlig stad pliktar etter ras frå tak å rydde fortauet utanfor eigedomen for snø og is.

§ 4-3. Avlaup for vatn

Eigar av hus eller grunn mot offentlig stad skal sørgje for at avlaup for vatn i fortau, rennestein, grøft eller liknande blir haldt open.

§ 4-4. Plikta eigaren har i samsvar med lokalt etablert sedvane til reinhold m.m. av fortau

Eigar av hus eller grunn, jf. § 1-2, mot offentlig stad i Sør-Fron kommune pliktar i samsvar med lokalt etablert sedvane å:

1. sørgje for reinhold av fortau og rennestein
2. strø fortau når det er glatt

Føresegna gjeld berre fortau i direkte tilknytning til eigedomen.

Kapittel 5. Hindre forsøpling og tilgrising

§ 5-1. Hindre forsøpling og tilgrising

På, ut over eller i beinveges nærleik til offentleg stad er det forbode:

1. å kaste avfall, under dette glas, flasker, spikar, papir, tyggjegummi og tobakksprodukt.
2. å grise til med måling, tusj, sprayprodukt eller liknande på overflate mot offentleg stad, under dette på eller ved bygning, gate, veg, park, anlegg, innretningar og transportmiddel.
3. å henge opp kunngjeringar, plakatar eller liknande, utan tillating frå politiet. Dette gjeld ikkje oppslag på tavler eller liknande som er godkjent av kommunen til slikt bruk, eller oppslag på eigedom om forhold som berre vedkjem eigendomen eller næringsverksemd til dei som disponerer eigendomen.

Det er forbode å rive, skade eller skjemme oppslag som er lovleg sett opp.

Oppslag skal fjernast når dei er forelda.

4. å urinere utandørs i tettbygd strøk eller på stader der det kan verke sjenerande på andre.

§ 5-2. Rydding ved kiosksal, arrangement og liknande

Den som driv med sal frå kiosk, utandørs servering, gatesal eller anna liknande næringsverksemd på eller ut mot offentleg stad, skal sørge for at området ikkje blir skjemt eller skitna til av verksemda, og pliktar å sørge for at det blir sett opp tilstrekkeleg tal med korgar for avfall. Rett etter stengjetid pliktar verksemda å rydde området og fjerne avfall som skuldast aktivitetar frå verksemda.

Etter avslutta arrangement, skal verksemd eller arrangør straks sørge for at avfall blir fjerna.

Kapittel 6. Offentlege anlegg

§ 6-1. Kyrkjegard og gravplass

På kyrkjegard og gravplass er det forbode å sykle, ake, drive sport, leik eller anna som ikkje sømer seg der.

Det er forbode å trengje seg inn på kyrkjegard når den er stengd for besøk.

Kapittel 7. Arrangement på offentleg stad

§ 7-1. Søknaplikt for arrangement på offentleg stad

Den som på offentleg stad vil lage til arrangement som i hovudsak er av underhaldande, kunstnarisk, selskapeleg eller kommersielt slag, og som har ein storleik som vil føre til etterspurnad for omfattande reguleringar av ferdselen eller vakthald, må søkje om dette innan ein frist som politiet set.

Politolova § 11 gjeld tilsvarande.

§ 7-2. Meldeplikt for allment tilgjengelege arrangement

Den som vil halde eit arrangement som er allment tilgjengeleg, må i god tid forut for arrangementet sende melding til politiet, når arrangementet sin art eller storleik gjer det sannsynleg at politioppsyn blir naudsynt av omsyn til ro og orden eller avvikling trafikken. Dette gjeld også når arrangementet ikkje skjer på offentleg stad.

Meldeplikta gjeld og samling eller tilstelling som hovudsakleg er av selskapeleg eller underhaldande art for medlem av ei foreining eller liknande samanslutning.

Politolova § 11 gjeld tilsvarande.

§ 7-3. Offentleg arrangement som barn har tilgang til

Barn under 15 år har ikkje åtgang til offentleg allment tilgjengeleg tilstelling utan at dei er i følgje med foreldre eller andre føresette.

Politiet kan gje dispensasjon ved tilstellingar som arrangerast spesielt for barn og unge under 18 år.

Kapittel 8. Pantelånarverksemd

§ 8-1. Pantelånarverksemd

Den som har fått løyve til å drive pantelånarverksemd skal føre protokoll, autorisert av politiet, over alle lån og kjøp. Politiet kan setja nærare vilkår for verksemda.

Kapittel 9. Ymse føresegner

§ 9-1. Forsømming av plikt

Forsømer nokon å utføre det vedkomande har plikt til etter vedtektene eller etter pålegg gjeve med heimel i denne, kan politiet la det utførast på vedkomande sin kostnad.

§ 9-2. Straff

Brot på føresegner i vedtekta eller pålegg gjevne i medhald av vedtekta, straffast etter politilova § 30 nr. 4, om ikkje tilhøvet kjem inn under eit strengare straffepåbod.

§ 9-3. Kommunal handheving

Kommunen kan handheve følgjande føresegner som er teke inn i normalpolitivedtekta:

§ 3-1 Hindringar (kommunal handheving etter denne paragrafen er avgrensa til gjenstandar eller liknande på eller utover fortau)

§ 3-9 Fare for ras frå tak

§ 3-10 Fjerning av sperrer når arbeidet er ferdig/faren er over

§ 4-1 Reingjering av lys- og luftegraver

§ 4-2 Rydding av snø etter ras frå tak

§ 4-3 Avlaup for vatn

§ 4-4 Plikta eigaren har til reinhald m.m. av fortau i følgje lokal sedvane

§ 5-1 Hindre forsøpling og tilgrising

§ 5-2 Rydding ved kiosksal, arrangement og liknande.

Kan handhevast av Sør-Fron kommune med heimel i forskrift 19. juni 2012 nr. 600 om kommunal handheving av politivedtekter, jf. politilova § 14 tredje ledd.

§ 9-4. Iverksetjing

Denne vedtekta trer i kraft 1 måned etter at den er stadfesta av Politidirektoratet.

Frå same tid opphevast forskrift 16. april 1999 nr. 340 om politivedtekt, Sør-Fron kommune, Oppland.